



Kvinnherad kommune

Fellestenester  
Politisk sekretariat

Rosendalsvegen 10

5470 ROSENDAL

Tel: 53483100

Fax: 53483130

Org. nr: 964 967 636

Bankgiro: 3460.07.00083

post@kvinnherad.kommune.no

www.kvinnherad.kommune.no

«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

Saksbehandlar  
Eva Sundal

Tlf. direkte innval  
53483244

Vår ref.  
2010/2791-6

Dykkar ref.  
«REFDATO»

Dato  
22.11.2010

## Særutskrift - BS - 221/2 - spikertelt - Borgundøy - Kari L. Haugland og Jan Harald Fosse

Kvinnherad forvaltningskomite behandla vedlagte dispensasjonssak i møte 10.11.2010 som sak 2010/198.

Rådmannen hadde negativ innstilling, men forvaltningskomiteen var positive til dispensasjon.

Før det vert gjort endeleg vedtak, vert saka med dette sendt til regionale og statlege mynder for uttale. Jf pbl §19-1.

Vi legg ved utskrift av møteboka og syner til vedtaket.

Evnt spørsmål i saka kan rettast til saksbehandlar.

Med helsing

Bente Høyland  
Møtesekretær

Kopi til:  
Eva Sundal

## Side 2

Mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310 5020 Bergen  
Miljøvernavdelinga

Hordaland fylkeskommune Postboks 7900 5020 Bergen

Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310 5020 Bergen  
Landbruksavdelinga

Kari Haugland og Jan Harald Norheimsvegen 12J 5243 FANA  
Fosse

# Saksframlegg

Kvinnherad kommune

Saksmappe                      Saksbehandlar  
2010/2791-5                      Eva Sundal

Saksgang		
Saksnr	Utval	Møtedato
2010/198	Forvaltningskomiteen	10.11.2010

Behandling dispensasjon-221/2 - spikertelt/campingvogn - Borgundøy – Kari L.Haugland og Jan Harald Fosse

Innstilling frå rådmannen:

Kvinnherad forvaltningskomite gjev ikkje dispensasjon frå arealføremålet LNF i kommunedelplanen eller frå pbl §1-8 om forbod mot bygging i strandsona. Det kan difor ikkje gjevast løyve til plassering av campingvogn og bygging av tretelt som omsøkt, jf pbl §20-2. Avslaget er heimla i pbl §19-2 då det ikkje ligg føre særlege grunnar etter lova.

Behandling i Forvaltningskomiteen den 10.11.2010

Endre Blokhus la fram ny innstilling:

Kvinnherad forvaltningskomite gjev tilsegn om midlertidig dispensasjon frå arealformålet LNF i kommunedelplanen og pbl §1-8 om forbod mot bygging i strandsona slik at det kan plasserast campingvogn og byggjast spikertelt som omsøkt.

Den midlertidige dispensasjonen er gyldig i 2 år frå endeleg godkjenning av dispensasjonen.

Det foregår arbeid med endring av reguleringsplan i området, og den omsøkte tomte er i forslaget avsett til fritidsbustad. Reguleringsplanarbeidet kan imidlertid dra ut i tid, og forvaltningskomiteen kan ikkje sjå at det midlertidige tiltaket vil skipla planleggingsarbeidet eller forutsetningane i kommunedelplanen.

Før tiltaket eventuelt kan igangsetjast, må det liggja føre søknad og løyve etter plan og bygningslova kap 20 .

Før det kan gjerast endeleg vedtak må det liggja føre uttale frå regionale og statlege styresmakter i samsvar med pbl §19-2.

Røysting:

Endre Blokhus si innstilling vart samrøystes vedteken

## Vedtak frå Forvaltningskomiteen den 10.11.2010

Kvinnherad forvaltningskomitee gjev tilsegn om midlertidig dispensasjon frå arealformålet LNF i kommunedelplanen og pbl §1-8 om forbod mot bygging i strandsona slik at det kan plasserast campingvogn og byggjast spikertelt som omsøkt.

Den midlertidige dispensasjonen er gyldig i 2 år frå endeleg godkjenning av dispensasjonen.

Det foregår arbeid med endring av reguleringsplan i området, og den omsøkte tomta er i forslaget avsett til fritidsbustad. Reguleringsplanarbeidet kan imidlertid dra ut i tid, og forvaltningskomiteen kan ikkje sjå at det midlertidige tiltaket vil skipla planleggingsarbeidet eller forutsetningane i kommunedelplanen.

Før tiltaket eventuelt kan igangsetjast, må det liggja føre søknad og løyve etter plan og bygningslova kap 20 .

Før det kan gjerast endeleg vedtak må det liggja føre uttale frå regionale og statlege styresmakter i samsvar med pbl §19-2.

## Saksutgreiing

Søkjar: Kari L. Haugland og Jan Harald Fosse, Norheimsvegen 12J, 5243 FANA

Om søknaden og eigedommen:

Det er søkt om plassering av campingvogn og bygging av tretelt (24 m<sup>2</sup>) på eigedomen gnr/bnr 221/1, eigar Bjørn Terje Sæbø. Plasseringa er mellombels inntil 2 år.

Av søknaden kjem det fram at campingvogna allereie er plassert på eigedomen og blir nytta til fritidsbruk, dette i påvente av godkjenning av ny utvida reguleringsplan av hyttefelt for Sæbø på Borgundøy. Tiltaket treng då dispensasjon til føremålet fritidsbustad.

Tiltakshavar ynskjer å kjøpa tomt og byggja fritidsbustad der campingvogn no er plassert når reguleringsplan eingong blir godkjent. Tiltakshavar oppgjev personlege og familiære grunnar til ynskje om dispensasjon.

Arealstatus og strandsoner

Arealet er i gjeldande kommunedelplan, avsett til LNF-område. Det omsøkte tiltaket ligg innafør 100m - beltet frå sjøen.

Nabovarsel

Aktuelle naboar er varsla og det føreligg ingen merknader.

Veg, vatn og avløp.

Det er ikkje gjevne opplysningar om dette i søknaden.

Uttale frå statlege/regionale myndigheiter

Vi finn at her ikkje er konflikt med nasjonale interesser i saka, og saka vert difor ikkje sendt på høyring. Instansane vil likevel få vedtaket til klagehandsaming.

Aktuelle lovheimlar.

Det omsøkte tiltaket krev dispensasjon etter pbl. § 19 ettersom arealet er kommuneplanlagt til LNF i kommunedelplan for området. Pbl § 19-2 seier at:

”Dispensasjon kan ikke gis dersom hensynene bak bestemmelsen det dispenseres fra, eller hensynene i lovens formålsbestemmelse, blir vesentlig tilsidesatt. I tillegg må fordelene ved å gi dispensasjon være klart større enn ulempene etter en samlet vurdering. Det kan ikke dispenseres fra saksbehandlingsregler.”

Pbl. § 1-8. Forbud mot tiltak mv. langs sjø og vassdrag:

”I 100-metersbeltet langs sjøen og langs vassdrag skal det tas særlig hensyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser”.

#### Vurdering

Personlege grunnar, eller eit alminneleg behov for større plass er som regel ikkje gode nok grunnar for dispensasjon. Sjølv om mellombels plasseringstid er på 2 år bør det føreliggja ei godkjent planutviding før ein på denne tomte gjev løyve til tiltak til fritidsføremål.

Ettersom campingvogna har vore plassert på staden (LNF-området) utan at tiltaket har vore omsøkt, må dette sjåast på som eit ulovleg tiltak. Administrasjonen vèl å handsame saka på line med ein vanleg søknad om dispensasjon frå pbl § 19-2.

#### Konklusjon

Administrasjonen meiner at det omsøkte tiltaket er i strid med dei almenne omsyn som planen og planlovgevinga skal ivareta og at det ikkje ligg føre særlege grunnar til dispensasjon.

#### Vedlegg:

- Oversiktskart
- Situasjonsskart
- Søknad om dispensasjon
- Skisser